


Primitive

tider



2014
16
arkeologisk
tidsskrift

16

Primitivetider
2014 16. årgang



Primitive tider utgis av Steinar Solheim (red.), Jostein Gundersen, Elise Naumann, Hege Skalleberg Gjerde, Josephine Munch Rasmussen, Heidi Mjelva Breivik og Ole-Marius Kildedal.

ISSN 1501-0430

Postadresse:

Primitive tider

Postboks 7009, St. Olavs plass

0130 Oslo

E-post: kontakt@primitive-tider.com / abonnement@primitive-tider.com

Internett: www.primitive-tider.com

Grafisk utforming: Ole-Marius Kildedal, Steinar Solheim og Elise Naumann

Trykk: Reprosentralen ved Universitetet i Oslo

©Primitive tider. Ettertrykk for mangfoldiggjøring kun etter avtale med redaksjonen.

Forsideillustrasjon: Skjelettfigurer fra Vingen. Illustrasjon: Trond Lødøen

Skrive for *Primitive tider*?

Primitive tider oppfordrer spesielt uetablerte forfattere til å skrive. Vi er interessert i artikler, kommentarer til tidligere artikler og anmeldelser av faglitteratur. Kanskje blir din artikkel neste nummers debatttema! Send inn ditt manuskript og la det få en faglig og seriøs vurdering av redaksjonen. Husk at hele prosessen kan være tidkrevende, så planegg å være ute i god tid. Innleveringsfrister finner du på våre nettsider. Det er likevel ingen grunn til å vente til siste øyeblikk, send gjerne inn før fristen!

For å lette arbeidet for deg og for oss, er det helt nødvendig at du setter deg godt inn i forfatterveiledningen og følger den. Forfatterveiledningen finner du på våre nettsider:

www.primitive-tider.com

Artikkelutkastet bør lengdemessig omtrent tilsvare den ferdige artikkelen. Det må med andre ord være noe mer enn en skisse/ løse ideer, men også vesentlig kortere enn en avhandling.

Vi ser fram til å høre fra deg! Kontakt oss enten pr. mail: kontakt@primitive-tider.com eller send utkastet til postadressen over.

INNHold

Power, politics and entanglement Ian Hodder	7
Metodologisk partikularism i den postkoloniala bronsåldersdiskursen Magdalena Forsgren	19
Fetisjering i arkeologiske forklaringer Erlend Kirkeng Jørgensen	35
På sporet av senmesolittiske døderiter. Fornyet innsikt i alderen og betydningen av bergkunsten i Ausevik, Flora, Sogn og Fjordane. Trond Lødøen	51
Ufarlige forbindelser? Om metode i teoridebatten. Svein Vatsvåg Nielsen	77
DEBATT	
Noen synspunkt på den tidligmesolittiske bosetningen i Sør-Norge Leif Inge Åstveit	87
Kommentarer til Leif Inge Åstveit: «Noen synspunkt på den tidligmesolittiske bosetningen i Sør-Norge» Inger Marie Berg-Hansen	105
Kommentar til Leif Inge Åstveit: «Noen synspunkt på den tidligmesolittiske bosetningen i Sør-Norge» Sigrid Dugstad	111
Kommentar til Leif Inge Åstveit: «Noen synspunkt på den tidligmesolittiske bosetningen i Sør-Norge» Ingrid Fuglestvedt	115
Kommentar til Leif Inge Åstveit: «Noen synspunkt på den tidligmesolittiske bosetningen i Sør-Norge» Frode Svensen	121
Svar på kommentarer fra Inger Marie Berg-Hansen, Sigrid Dugstad, Ingrid Fuglestvedt og Frode Svensen Leif Inge Åstveit	129

TEMA: «All makt til arkeologene?»

Det Norske Arkeologmøte 2013: ”All makt til arkeologene?” 137

Lillebror ser deg 139
Jostein Bergstøl

Kartlegging av historisk og nåværende landskaps- og ressursbruk i Finnmark 143
Alma Thuestad, Einar Eypórsson og Stine Barlindhaug

Den globale grøfta. Rett på nett frå felt. Dialog med meinigmann og kvarandre på Norark. 153
Tove Eivindsen

BOKMELDING

Frode Iversen og Bo Lilledal Andersen: 159
Arkeologene. Nytt lys på fortidens gåter.
Magnus Hoem Iversen

Lars Erik Gjerpe og Axel Mjærum (red.): 163
E18-prosjektet. Gulli-Langåker bind 1-3
Geir Grønnesby

Unn Pedersen: 167
På en gård i vikingtiden.
Trude Eriksen

Den globale grøfta

Rett på nett frå felt. Dialog med meinigmann og kvarandre på Norark.

Tove Eivindsen

NTNU Vitenskapsmuseet

Innleiing

Til sesjonen «All makt til arkeologen?» under NAM var eg, som prosjektleiar og redaktør for Norark, invitert for å dele erfaringar med portalen og møtet mellom arkeologar og offentlegheita på internett. I denne teksten vil eg diskutere Norark som eit første steg ut på den digitale ålmenningen, men også hevde at arkeologane ikkje fullt ut deltek i den opne ordvekslinga på internett.

Den digitale slagmarka

«Troll», eller «internettroll», er internasjonal sjargong for nettkommentatorar som – tilsynelatande – har all verdas tid og energi til å kritisere andre på nett. Både språkføring, innhald og personar får gjennomgå. Ofte har desse «trolla» ein tydeleg agenda: For eller mot innvandring, islam, likestilling, føregåande eller noverande regjeringar, eller oppfatninga av klimaendringar som menneskeskapte. Uansett kva saka handlar om, har trolla ei evne til å pense diskusjonen inn på sine kjepphestar.

Både forskarar og me som jobbar med forskingskommunikasjon kan kjenne oss matte ved tanken på å bevege oss ut i dette landskapet. Me ønskjer å nå ut med forskingsfunn, men fryktar den useriøse debatten. Det er vanskeleg å argumentere med personar som ikkje vil høyre på argument. Likevel er ikkje nettdebatten noko

me kan velje vekk. Kampen om kunnskapen står på den digitale slagmarka.

Det er ikkje noko nytt at folk let seg påverka av andre. Men når nettkommentarar påverkar korleis folk oppfattar forskingsstoff, så kan det fort gå troll i ord.

I 2013 publiserte forskarar frå University of Wisconsin-Madison ei undersøking av korleis *uncivil discourse* i kommentarfeltet påverka korleis lesarane oppfatta ei nettsak. Forskarane såg spesielt på om ufine eller uhøvelege kommentarar påverka lesaranes si evne til å vurdere risiko og nytte av den nye teknologien som vart presentert (Anderson *et al.* 2013).

Undersøkinga, som vart publisert i *Journal of Computer-Mediated Communication* under tittelen «The «Nasty Effect»: Online Incivility and Risk Perceptions of Emerging Technologies», brukte ein nøytralt skriven tekst om nanoteknologi som case study.

Forskarane gjennomførte ei undersøking via nett, der deltakarane (1183 amerikanarar) las ein nøytral bloggpost frå ei kanadisk avis som omtalte risikoar og fordelar med ein spesiell bruk av nanoteknologi. Bloggposten handla om nanosølv som kan ha antibakteriell nytte, men også føre til mogleg vassforureining. Fordelar og ulemper var framstilt balansert, utan overvekt verken den eine eller andre vegen. (Lewis, T., 2013)

Sjølve artikkelen var lik for alle deltakarane, men kommentarane under var ulike. Nokre fekk sjå nøytrale og høflege kommentarar, andre fekk ufine og til dels krenkjande kommentarar.

Resultata viste at negative kommentarar hadde ein tendens til å gjere lesarane meir uroa for risikoar ved nanoteknologi enn det artikkelen skulle tilseie. Forskarane fann også at det var ein samanheng mellom graden av uro, forsøkspersonane sin religiøsitet og deira førehandsinntrykk av nanoteknologi frå før dei leste artikkelen.

Studien peikar på at oppfatninga av forskning i den digitale sfæren ikkje berre blir forma av dei artiklane me skriv og legg ut - men også av andre sine synspunkt i kommentarfeltet.

Tidlegare brukte du media for deg sjølv. No er det som om du står og les ei avis midt i ei travel gate, med folk som ropar i øyret ditt kva du skal tru på og ikkje. (Forfattarens omsetjing.)

Det sa medforfattar av studien, Dietram Scheufele frå University of Wisconsin-Madison, til LiveScience, då dei offentleggjorde funna sine under den årlege konferansen for *The American Association for the Advancement of Science*.

No skal ein ikkje svartmåle situasjonen heilt. Internettet har ført til ei demokratisering av informasjon, og nye høve til å dele tankar og idear. Nye stemmer blir også høyrde. Samstundes har aggressive kommentatorar vore med oss lenge. Det er ingenting nytt i at vi let oss påverke av kva andre meiner.

Det som er nytt er omfanget, som kom med internett, og tonen i nettdebatten som kanskje kan skremme forskarar frå å dele resultata sine i populære kanalar. Kanskje gir dette fråveret ein sjølvforsterkande effekt? Kanskje gjer det at trolla ikkje møter grundige motsvar at spelerommet deira vert større, og at dei får endå meir blod på tann? Fordi dei meiner at dei vinn?

Da NRK lanserte si teneste Ytring i 2012, skreiv debattredaktør for nrk.no Halvor Finness Tretvoll:

Kommentarfeltenees dårlige rykte har rot i virkeligheten: Det er for mange hatefulle ytringer, for mye usaklig vås og for drøye personangrep. Men kommentarfeltene skjemmes ikke bare av

grums. De som vanligvis skriver kronikker, stiller i debattprogrammer eller forfatter bøker er også øredøvende tause. Hvis de da ikke står på utsiden og formulerer generelle karakteristikk av hele nettdebattfenomenet. Derfor er kritikken av nettdebattene ofte ensidig. ...

Grumset er egentlig et symptom på et mer grunnleggende problem: Den norske samfunnsdebatten lider under en tiltagende polarisering som truer med å dele debattoffentligheten i to gjensidig mistenksomme fløyer. På den ene siden finner man den ekspertdrevne debatten, utført av skribenter som kan kodene, har tilgang til avisenes debattsider og aldri kunne tenke seg å senke sine forfinede sjeler ned i nettdebattens gjørmehav.

På den andre siden finnes det en folkelig underskog av stemmer uten tilgang til de etablerte mediekanalene, som opplever seg fremmedgjort av akademiker- og politikerspråket, og mener at de representerer «mannen i gata» som ikke er velkomne i avisene og tv-studioene (Tretvoll 2012).

Som Halvor Finness Tretvoll, vel også eg å leite etter det positive moglegeitrommet i digitaldialogen. Vel er det slik at nettet opnar for trolling, men det har også demokratisert informasjon og dialog. Det har gjort at dei som ikkje kjenner seg heime i den «ekspertdrevne» debatten også kan kome til orde. Denne «folkelege underskogen» er langt frå berre troll og provokatørar, vi finn også dei med genuin kunnskap, engasjement og interesse.

Norark

Norark har sitt utspring i prosjektet «Forskning i fellesskap». Forskningsprosjektet er eit samarbeid mellom dei fem universitetsmusea i Norge som forskar på arkeologi. Prosjektet skal «skape samanheng mellom musea sin forskningsaktivitet, samfunnsoppgåvene og rekruttering», og eitt av satsingsområda er såkalla «populærvitskapleg formidling». Kva som ligg i det omgrepet kan ein diskutere lenge og breitt, men i dette innlegget

skal eg berre ta føre meg den biten eg har med å gjere: nettportalen Norark.

Norark er ei forkorting for «Norsk arkeologi» og har domenet norark.no. Allereie tidleg i prosjektet var me opptekne av å sikre eit namn på portalen som kunne fungere som eigennamn, var meiningsberande, hadde ledig domene på .no, og som kunne brukast også etter at prosjektperioden for «Forskning i fellesskap» går ut i 2015. Namnet er også valt for å kunne inkludere fleire samarbeidspartar utanom forskingsprosjektet, dersom det skulle vere ønskje om eller behov for det seinare.

Vi har nokre klare prinsipp for arbeidet med Norark. Det eine kan me kalle «rett på nett». Det inneber at me ønskjer å setje flest mogleg av prosjekt- og feltleiarane på arkeologiske undersøkingar i stand til å publisere direkte på nett sjølve. Kwart museum har sin lokale redaktør som kan hjelpe dei, men rolla åt redaktørane er ikkje å godkjenne før publisering. Både teknisk og prinsipielt legg me til rette for publisering rett frå felt, medan undersøkingane er i gang. Me vil gjere utgravingsgrøfta global.

Publikum skal vere leiande i prosessen med å utvikle portalen. Med det meiner me at me ved hjelp av trafikkanalysar og –statistikk endrar portalen utifrå data me samlar inn. Det publikum, brukaren, er interessert i vert prioritert opp. Det som ikkje fengjer interesse, får mindre ressursar og plass.

At publikum bestemmer, kjem mellom anna til uttrykk gjennom at me la vinn på å velje å byggje portalen «responsiv». Det betyr at sidevising skalerer etter kva for skjerm du brukar. Det gjer det også enklare å publisere frå ulike system og mobile einingar. Så lenge du har tilgang til nett, har du i teorien høve til å publisere på og lese Norark.

Å navigere ut frå geografisk lokalisering er ei anna brukartilpassing. Ein ser at avisstoff som skattelister og «kva kommune gav kor mykje til tv-aksjonen»-artiklar slår an. Nettet er globalt, men paradoksalt også ultralokalt. Me søker å lese om det som skjer nært oss.

Andre justeringar me har gjort er å gi utgravingsbloggen betre plassering enn Aktuelt-

sakene frå forskinga. I starten var det omvend. No er blogginnlegga i det «gylne triangelet», som er øvste venstre hjørne på ei nettside. Tidslina over arkeologiske periodar som me hadde på piloten er borte. Ikkje berre vart den feil for dei nordlege delane av landet, men publikum brukte den ikkje. Det kan vere eit døme på grep som fagfolka er vande med og opplever som effektiv formidling, men som publikum ikkje er så interesserte i.

Kven preikar vi til?

Norark vart registrert på Facebook 7. april 2013, og hadde fram til sist årsskifte 9 200 «brukarengasjeringar». Brukarengasjeringar blir definert som talet på gongar brukarar likar, kommenterer eller deler innhald frå sida. I same periode var den «totale rekkevidda» på Norark si Facebookside 282 593. «Total rekkevidde» blir definert som talet på personar som såg sida sin aktivitet, inkludert innlegg; innlegg frå andre på sida; annonsar for sida; omtalar av og på sida og innsjekkingar.


Omlag halvparten av trafikken inn på Norark kjem frå Facebook; truleg først og fremst frå vår eiga Facebookside, som har om lag 2900 følgjarar, men også frå andre. Me ser at det er når me blestar innlegg og aktuelt saker ut på Facebook at me får lesarane inn på Norark.

I NAM-sesjonen var eg utfordra til å seie noko om Norark si rolle som møtestad mellom arkeolog og nettpublikum. I botn handlar dette om møte mellom folk: Fagfolket på den eine sida og meinigmann på den andre. Eller kanskje er me alle på same sida? Preikar me berre for kyrkjelyden?

Eg vil hevde at arkeologane som gruppe ikkje har tatt steget fullt ut i den digitale kunnskaps- og meiningsållmenningen i Norge. Nokre er aktive, men dei er ikkje veldig synlege nasjonalt.

Slik eg ser det kan graden av deltaking i digitaldiskusjonen illustrerast med ei akse:

På den eine sida har me lukka rom og spesialløyisingar, der me seier me gjer informasjon tilgjengeleg. Me opnar ikkje for diskusjon eller spørsmål. Om nokon lurar på noko, får dei ringe.



Figur 1: Openheit i den digitale diskusjonen.

På den andre sida har me sosiale medium, som Facebook og Twitter. Der kan kven som helst meine kva som helst. Det same kan ein seie om mange nettaviser sine kommentarfelt. Ein stad midt på aksa har me nettsider som Norark, der moderatorar les kommentarar før dei vert viste på nett. Også i eit mellomskikte er Facebook-grupper der ein må melde seg inn for å kunne lese og skrive. Dersom ein opprettar eigne bloggar og inviterer til dialog, vil eg også meine ein ligg i mellomrommet. Slike løysingar gir ei litt større kjensle av trygghet enn fullt frislepp. Norark si Facebook-side er open, men moderatorar fylgjer med og kan slette i ettertid.

Hos NTNU er det kommunikasjonsansvarleg på fakulteta og museet som er vertskap for dei sosiale kanalane. Det er ikkje fritt fram å starte opp kanalar på vegne av universitetet. Heldigvis, for det krev ei kontinuerleg oppfølging. Det er nemleg sideeigar som er ansvarleg for, også andre sine, ytringar på sin vegg. Av og til må me gripe inn. Ikkje fordi folk er usamde med oss, ytringsfridomen er viktig, men fordi nokre få ytrar seg slik at det er sjikanerande eller ulovleg.

Min påstand er at mange trur at dei er med i dialogen, berre fordi dei er på nett. Men dersom ein berre kommuniserer med likesinna, på arenaar der ein må vere invitert til å delta, har ein då verkeleg tatt steget ut i digitaldiskusjonen?

Eg meiner svaret er nei. Til forskjell frå nettavisene, der lesarar av ei sak om arkeologiske undersøkingar i utgangspunktet ikkje har spesiell interesse eller kunnskap, så treff me ikkje meinigmann på våre eigne plattformer. Me misjonerer til dei som allereie er frelste. Derfor manglar også dei kritiske røystene, dei som utfordrar oss på til dømes pengebruk og tolkingar. Og me veit at dei finst. Løysinga kan vere at me må gå til dei, sidan dei ikkje kjem til oss. Profeten må til fjellet, ikkje omvendt.



Figur 2. Snipp fra Twitterdiskusjon om «kolonisering».

Den digitale dialogen

I oktober 2013 var eg tilstade på eit arbeidsseminar for det nye delprosjektet i Forsking i fellesskap som heiter «Formidling som kunnskapsgenererende virksomhet». Prosjektet skal munne ut i seks utstillingar kring temaet «kolonisering», og langs med skal prosessen forskast på. Seminaret samla forskarar innanfor arkeologi og biologi, museumspedagogar, utstillingsformgivarar og andre universitets-museumsfolk. Ein kom raskt inn i diskusjonen «kunnskapsgenererande for kven?» Etter som seminaret skreid fram, kom det fram mange idear til å invitere publikum inn på musea, og inn i diskusjonen som skal gå. Eg nytta høvet til å vise at diskusjonane seminardeltakarane ønskte å starte, allereie delvis var i gong. Kanskje er



Figur 3. Bilete frå Forsking i felleskaps seminar om «Formidling som kunnskapsgenerende virksomhet» på Facebook skapte diskusjon.

det me museumsfolk som skal bli med der ute, i staden for å tenkje at me skal trekkje folk inn?

Døma leitte eg raskt fram på Facebook og Twitter, der 'kolonisering' og 'kollaps', sentrale omgrep i prosjektet, vert brukt i mange tydingar og høve. Kanskje er det på dei arenaene me skal utfordre? Min mistanke er nemleg at dei som deltar på dialogmøter og museumsseminar kanskje ikkje er mannen i gata. Dei representerer kanskje ikkje denne «ålmenta» som me så gjerne vil nå med formidlinga.

Eit raskt søk på 'kolonisering' på Twitter viste ei enorm breidde i bruken av ordet. Men *ingen* snakka om det museumsfolket såg på (kven som kom først til Troms, korleis ulike artar er komne til det vi no kallar Norge osv.). På Twitter vart kolonisering brukt om m.a. innvandring og maktovergrep (Ein av kvittrane som brukte omgrepet sist sommar var Peder Are Nøstvold Jensen, best kjent som Fjordmann).

Under seminaret la eg ut eit mobilbilete på Norarks Facebookside av deltakarane, med teksten:

Denne gjengen skal lage SEKS utstillinger rundt

temaet kolonisering! Det blir spennende å besøke universitetsmuseene framover. Flere som gleder seg? <http://norark.no/utstillinger>.

Håpet var å få ein respons frå utanverda, som kunne vere med og vise krafta som ligg i å opne opp og dele. Heldigvis, for dømet mitt si skuld, fekk vi raskt kommentarar, òg spørsmål som opna opp for at me kunne kome med utfyllande informasjon om prosjektet (figur 3).

Vi kan velje å ikkje delta i nettdebatten, men me får ikkje hindra andre. Når me snakkar om definisjonsmakt, må me også vurdere kva makt som ligg i å definere seg sjølv ut.

Eg vil tru at Norark er eit innlegg i debatten om kor vidt arkeologi er for kostbart, utan at me eksplisitt argumenterer for kvifor me meiner arkeologiske undersøkingar er viktig. Her ser folk kva me finn, når me finn det. Små funn får også sine «femten minutt» i rampelyset. Over 170 utgravingsstader har fått si side på nett på portalen, i staden for at universitetsmusea hadde laga 170 ulike sider som kostar pengar, og dør når prosjekta er over.

Me viser prosessar og resultat, og folka bak. På kommentarane ser me at det byggjast kollegiale band på tvers av institusjonane.

Tilbake til trolla

Internettet har ført til ei demokratisering av informasjonen, og nye høve til å dele tankar og idear. Nye stemmer har høve til å bli høyrde. Internett har også opna for større kontakt mellom forskar og samfunn. Me må berre tore å ta steget fullt ut på ålmenningen. Så får det berre vere at også trolla er ein del av det samfunnet. Me kan stå i mot trolla som me alltid har gjort. Med opplysing.

Litteratur

- Anderson, A. A., D. Brossard, D. A. Scheufele, A., M. A. Xenos og P. Ladwig 2013 The “Nasty Effect:” Online Incivility and Risk Perceptions of Emerging Technologies. *Journal of Computer-Mediated Communication*. Elektronisk dokument. Tilgjengeleg frå: <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/jcc4.12009/abstract> [Besøkt 19.02.2013]
- Lewis, T. 2013 Trolls’ Online Comments Skew Perception of Science. *LiveScience*. Elektronisk dokument. Tilgjengeleg frå: <http://www.livescience.com/27239-online-comments-skew-science-perception.html> [Besøkt 05.12.2013]
- Norark på Facebook. Bilete lasta opp 22.10.13. Tilgjengeleg frå: <https://www.facebook.com/photo.php?fbid=451744538280374&set=pb.356705961117566.-2207520000.1386240439.&type=3&theater> [Besøkt 05.12.2013]
- Tretvoll, H. F. 2012 Temperatur uten trolling. Elektronisk dokument publisert 07.08.2012. Tilgjengelig frå: <http://www.nrk.no/ytring/velkommen-til-ytring-1.8272079> [Besøkt 05.12.2013]
- Twitter, søkeord ‘kolonisering’. Tilgjengeleg frå: <https://twitter.com/search?q=kolonisering&src=typd> [Besøkt 05.12.2013]



PRIMITIVE-TIDER.COM

ISSN 1501-0430

PRIS KR. 200,-